



Bacheloroppgave

IDR600 Sport Management

Hødd som springbrett:

Kva personlege faktorar synast å vere viktige for at fotballspelarar i Hødd har teke steget til Eliteserien?

Preben Alexander Sætre

Totalt antall sider inkludert forsiden: 31

Molde, 21.05.19



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

<i>Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruta til høyre for den enkelte del 1-6:</i>		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annulling av eksamen og utesettelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <u>Universitets- og høgskoleloven</u> §§4-7 og 4-8 og <u>Forskrift om eksamen</u> §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se <u>Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver</u>	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens <u>retningslinjer for behandling av saker om fusk</u>	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av <u>kilder og referanser på biblioteket sine nettsider</u>	<input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Kjell Marius Herskedal

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjennelse.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering: ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)? ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over? ja nei

Dato: 21.05.19

Føreord

Denne oppgåva markerar slutten på ei tre år lang bachelorgrad i Sport Management ved Høgskolen i Molde. Å skrive ei bacheloroppgåve har vore både spanande og lærerikt, men også krevjande.

Samtidig som eg har skrive oppgåve har eg vore utplassert i Hødd Fotball. Sidan eg fekk ha utplassering der, valde eg også å skrive om klubben. Mange av spelarane som har vore i klubben, har klart å utvikle seg slik at dei har blitt henta av ein klubb i Eliteserien. Dette var noko eg syntest var interessant og kunne tenke meg å undersøke. Gjennom gode samtalar og intervju internt i Hødd Fotball, samt intervju med tidlegare Høddspelarar som no spelar i Eliteserien og utanlands, har eg fått eit bedre og god oversikt på kva dei meinat var viktig for at dei sjølve tok steget vidare. Teorien eg har nytta har også vore til stor hjelp.

Eg vil takke alle innvolverte i Hødd Fotball for eit spanande og lærerikt halvår, spesielt dei tilsette som eg har lært mykje av. Eg vil også takke alle intervjuobjekta for interessante og gode svar. Også ei stor takk til min rettleiar, Kjell Marius Herskedal, for god oppfølging og gode råd underveis.

Preben Alexander Sætre
Høgskolen i Molde, 21.05.19

Samandrag

Innleiing: Hødd Fotball er kjent som ein klubb som har utvikla gode lokale og regionale fotballspelarar. Klubben vann Noregsmeisterskapet i fotball i 2012 og berre dei siste ti åra har femten spelarar teke steget vidare frå klubben til ein Eliteserieklubb. Dei fleste klubbar strevar etter å utvikle fleire spelarar til å verte toppspelarar. Hensikta med denne studien er å få eit innblikk i kva personlege faktorar spelarane meinar ligg til grunn for at dei tok steget vidare. Funna vert diskutert i lys av relevant teori.

Teori: Denne studien innhold kjelder som omhandlar tidlegare toppspelarar i Noreg sine vegar og blindvegar i søken mot å etablere seg i Noregs høgaste divisjon med særleg teoretisk fokus på motivasjon og den indre driven dei mangla eller hadde. Samt relevant forskning på korleis ein kan bli ein toppidrettsutøvar.

Metode: Det har blitt brukt ei kvalitativ tilnærming for å svare på problemstillinga. Studien baserst på ein fotballklubb og klubbens tidlegare spelarar som har teke steget til ein Eliteserieklubb. Det vert brukt opne individuelle intervju for innsamling av data.

Resultat, diskusjon og konklusjon: Studien har identifisert fleire viktige faktorar blant spelarane og det klubben la til rette med, som dei meinar var viktige for at dei tok steget vidare: Den indre motivasjonen, støtte frå familia, lysta til å trenre mykje og ansvar for eiga utvikling. Klubben bidreg med eit fotballanlegg der alt ligg til rette for å bli god. Dei tek vare på heilheita til spelarane, forstår situasjonen deira og legg best mogleg til rette for at dei skal føle seg trygge slik dei presterar best mogleg på og utanfor bana.

Teorien seier at faktorane som er viktige i prosessen til ein fotballspelar gjenskin i det fotballspelarane gir uttykk for.

Innholdsfortegnelse

1.0	INNLEIING	1
2.0	PROBLEMSTILLING	2
3.0	TEORI	2
3.1	MOTIVASJON.....	3
3.2	HØDD.....	4
3.3	INDRE DRIVKRAFT	5
3.4	ANSVAR FOR EIGA UTVIKLING.....	6
4.0	METODE.....	7
4.1	KVALITATIV METODE	7
4.2	KVALITATIVT FORSKNINGSINTERVJU	7
4.3	UTVAL	8
4.4	UTVALSKRITERIER	8
4.5	KONTAKT MED INFORMANTANE	8
4.6	UTARBEIDING AV INTERVJUGUIDE.....	8
4.7	GJENNOMFØRING AV INTERVJU.....	9
4.8	TRANSKRIBERING.....	9
4.9	TEMATISK INDUKTIV ANALYSE	9
4.10	TRUVERD	10
4.11	ETIKK.....	10
5.0	RESULTAT.....	10
5.1	KORLEIS LEGG HØDD TIL RETTE FOR FOTBALLSPELARANE	11
5.1.1	<i>Fasilitetar og tilrettelegging</i>	11
5.1.2	<i>Personlege eigenskapar fotballspelarane og sportssjefen meiner var viktige for at dei tok steget vidare</i>	14
6.0	DISKUSJON.....	17
6.1	VURDERING AV METODE	17
6.2	VURDERING AV RESULTAT	18
7.0	KONKLUSJON	19
8.0	REFERANSE	20
9.0	VEDLEGG	22

9.1	INTERVJUGUIDE.....	22
9.2	SAMTYKKESKJEMA	24

1.0 Innleiing

Eg har valt å skrive om IL Hødd Fotball og korleis spelarar har brukta denne fotballklubben som springbrett for å ta det neste steget til Eliteserien i fotball. Korleis legg klubben til rette for at spelarane skal kunne ta det neste steget? Noko som er like sentralt er, kva gjer spelarane for at dei skal klare å ta steget vidare? Dei fleste som driv med toppidrett har ein draum om å bli en av dei beste innanfor sitt felt, medan berre ein brøkdel klarar det. Mange faktorar spelar inn. Ein kan bli utsatt for skader, mangel på motivasjon til å legge ned det arbeidet som krevjast, eller rett og slett ikkje være gode nok.

Det dei aller fleste klubbar strevar etter, er å finne ”formelen” på korleis ein skal gjere eit så godt arbeid med dei unge at dei som vil det, blir toppspelarar. Den er neppe eksakt, men eg vil gå djupare inn i litteraturen og utforske kva faktorar i Hødd som kan spele inn i prosessen på at nokon lukkast.

Dei fleste av oss som har er sportsinteresserte har hatt ein draum om å verte ein av stjernene som markerar seg innan sin idrett. Som Hallgeir Gammelsæter skriv i sin blogg innan Sport Management om korleis storklubbane hentar dei aller største talenta i ein alder av 14 år, der dei signerar ei ”pre-kontrakt”. Ei skikkeleg kontrakt kan ikkje skrivast før dei har fylt 16 år, i følgje FIFAs reglament. Kun 0,5 prosent av alle 9-åringar som går inn i eit akademisystem vil nokon gang leve av fotballen. Dette er reelle tal som er bekymningsverdig. I England er tankegangen om du startar med å ta skulen alvorleg, har du kapitulert i draumen om å verte proff. Dette er ein kynisk tankegang av klubbane som berre vert meir og meir utbreiddt. Dei samlar dei støste talenta i stadig meir avanserte akademi der eit av to mål er å anten utvikle ein spelar til eige fyrstelag, eller å utvikle spelaren for salg.

IL Hødd Fotball (heretter Hødd) blei stifta 1.august 1919 i Ulsteinvik som ein del av eit større idrettslag, IL Hødd. A-laget spelar på nivå 3 i det norske seriesystemet, etter at dei rykka ned frå nivå 2 i 2016. Sidan opprettinga har klubben vore opptekne av spelarutvikling. Dei har fått fram mange gode fotballspelarar som har teke steget vidare og også hatt landslagsspelarar på fleire av dei aldersbestemte landsлага samt a-landslaget for herrar. I nyare tid var Hødd i Tippeligaen i 1995, men rykka ned same sesong. Kanskje den største bragda hadde klubben i 2012, då dei klarte å unngå nedrykk på grunn av betre målforskjel. Men sett vekk i frå ein ikkje så optimal sesong i serien, tok laget seg heilt til

cup-finala og slo Tromsø på straffespark på Ullevaal Stadion forran tjuefem tusen tilskodarar. Sidan 2009 og fram til i dag har heile femten spelalarar teke steget frå klubben og opp til ein Eliteserieklubb. Det er ein god statistikk å ha med seg i utviklingsarbeidet og attraktiviteten blant nye spelalarar. Hødd er også den klubben med lengst fartstid på nivå 2 i Noreg.

2.0 Problemstilling

Problemstilling: *Kva personlege faktorar synast å vere viktige for at fotballspelalarar i Hødd har teke steget til Eliteserien?*

Underproblemstilling: Korleis legg fotballklubben Hødd til rette for sine fotballspelalarar?

Begrepsavklaring; *personlege faktorar*:

Motivasjon: Vi definerer begrepet *motivasjon* som ”de biologisk, psykologiske og sosiale faktorene som aktiverer, gir retning til og opprettholder atferd i ulike grader av intensitet for å oppnå et mål” (Kaufmann & Kaufmann, 2009)

3.0 Teori

I denne oppgåva har eg valt å fokusere på særidretten fotball. Fotball kan beskrivast som ein intensiv idrett med harde taklingar, hurtige bevegelsar, kloke hovud og taktikk. Dei som er toppidrettsutøvarar lev og jobbar med idretten sin og kallast ofte tjuefiretimar utøvaren. Dei spelar anten på landslaget for sitt eige land og i ein av dei større ligaane i forskjellige land.

”Toppidrett” definerast som trenings- og forberedelsesarbeid på linje med dei beste i verda, avhengig av den enkelte idretts eigenart og utbreielse. Arbeidet førar til jamne prestasjonar på internasjonalt toppnivå (Tore Øvrebø, Olympiatoppen.no, 2016).

3.1 Motivasjon

Motivasjon handlar om energi, retning, uthald og likestilling, alle aspekt ved aktivering og intensjon. Motivasjon har vore et sentralt og fleirårig tema innan psykologi, fordi det er kjerna i biologisk, kognitiv og sosial regulering. Kanskje viktigare i den verkelege verda, er motivasjon høgt verdsatt på grunn av dens konsekvens: motivasjon produserar (Ryan & Deci, 2000. S.69)

Sjølv om motavasjon ofte blir behandla som ein eintalskonstruksjon, foreslår sjølv overfladisk at folk blir flytta til å handle av svært forskjellige typar faktorar, med svært varierte erfaringar og konsekvensar. Folk kan motiverast fordi dei verdsett ein aktivitet eller fordi det er ei sterk ekstern tvang. Dei kan bli oppfordra til handling med ei varig interesse eller ved bestikking. Dei kan oppføre seg frå ein følelse av personleg forpliktelse til å utmerke seg eller frå frykt for å være overvaka. Desse kontrastane mellom tilfeller av indre motivasjon og eksternt press er sikkert kjent for alle. Spørsmålet om folk står bak ein oppførsel ut av deira interesser og verdiar, eller gjer det ut av grunnar utanfor seg sjølv, er eit spørsmål om betyding i kvar kultur og representerar ein grunnleggjande dimensjon som folk gir mening om sin eigen og andres oppførsl (Ryan & Deci, 2000. S.69.).

Kanskje ikkje noko enkelt fenomen gjenspeilar det positive potensialet av menneskets natur så mykje som den indre motivasjonen, den ibuande tendensen til å oppdage nye ting og utfordringar, å utvide og utøve si evne til å utforske og lære. Konstruksjonen av den indre motivasjon beskriv denne naturlege fleksibiliteten til assimilering, meistring, spontan interesse og utforsking som er så viktig for kognitiv og sosial utvikling, og som representerar ei hovudkilde av nytelse og vitalitet gjennom livet. Sjølv om den indre motivasjon er ein så viktig type motivasjon, er det ikkje den einaste typen eller den einaste typen sjølvbestemmande motivasjon (Ryan & Deci, 1985.S.70).

Sjølvbestemmelse-teorien er ei tilnærming til menneskeleg motivasjon og personlegheit som brukar tradisjonelle empirisk tilnærming mens ein brukar ein organisatorisk metateori som fremhevar viktigheita av menneskets utvikla indre ressurser for personlegheitsutvikling og atferdsmessig sjølvregulering (Ryan, Kuhl, & Deci, 1997. S. 68)

Den indre motivasjonen er kanskje den sterkeste effekta som Ryan & Deci beskrev, til å være den som påverkar oss mest i lysta og motivasjonen til å gjøre noko ein har lyst til å gjøre og å oppnå.

For det fyrste diskuterar vi forhaldet mellom personlege mål og trivsel. Vi har antyda at jakta og oppnåinga av nokre livsmål vi gi relativt direkte tilfredstilling til dei grunnleggjande behova, og dermed auke trivselen, mens jakta og oppnåinga av andre mål ikkje bidreg til og kan til og med forringje grunnleggjande behovsfordøyningar, noko som førar til ulykke (Ryan & Deci, 2000. S.75).

3.2 Hødd

Eg vil fokusere på fotballklubben Hødd og dei spelarane som har klart å gå vidare til ein Eliteserieklubb.

Hødd har ein visjon som er ”liten – men stor”. Der dei skal famne både topp og breidde, og vere ein samfunnsutviklar i Ulstein og regionen, samt vere ein del av norsk toppfotball. Dei har vist at ein med små ressursar kan kome inn i toppfotballen og vere der over lang tid, slik dei gjorde i 2012 ved å slå Tromsø i cup-finala og dei er den klubben med lengst fartstid i 1.divisjon. Lokal forankring og spelarutvikling har vore og blir ein viktig suksessfaktor. Der ”Hødd-ånda” handlar om å lage ”Gull av gråstein”.

I Hødd ligg tre verdiar til grunn: Stolt, audmjuk og inkluderande.

Sportssjefen forklarte dei slik:

***Stolt** – At vi er stolt av aktiviteten som føregår i og rundt klubben. Mykje har skjedd i alle dei åra. Å være ein del av norsk toppfotball i alle dei åra og ha våre den klubben med flest kampar i det nest øvste nivået i nyare tid. Vi vann cup-finala i 2012 som vi er utruleg stolte av.*

***Audmjuk** – Det er at vi stadig vekk kan lære nye ting sjølv om vi har opplevd mykje. Vi skal oppføre oss skikkeleg. Ta eit eksempel, når vi er på bortekamper og er ferdig i garderoba, så ryddar vi skikkeleg etter oss, sjølv om vi har tapt eller vunne. Det handlar litt om at når vi har vore på besøk med nokon at vi ryddar etter oss og gjer ting skikkeleg. Sjølv om det er berre eit fåtal som ser det, så er det noko med at ein set eit stempel på ting du driv på med.*

Vi er nysjerrige, har opplevd mange ting i Hødd, men vi er alltid nysjerrige og har lyst til å oppleve fleire ting. Vi veit at når vi gjer ein del ting som er bra, så er det alltid noko som kan gjerast enda betre.

Inkluderande – *Vi ønskjer å tilknytte oss folk uansett interesse, uansett om det er frivillige som har lyst til å hjelpe til rundt klubben, i kiosk, rundt nokre av laga eller å spele for Hødd sitt A-lag. I tillegg til å være ein fotballklubb så er vi ein sosial arena, der folk møtest og er i lag på alle plan. Det viktigaste er alt folk trivst i og rundt Hødd.*

Bak desse verdiane ligg det utruleg mykje meir. Desse verdiane er noko vi identifiserar oss med og noko av det vi står for som klubb.

3.3 Indre drivkraft

Amund Skiri var berre atten år gammal då han kom frå den lisje bygda Åndalsnes til Aafk. I dag jobbar han med spelarutvikling i Aafk og har lang fartstid i Norsk Toppfotball. Han spelte ikkje Eliteseriefotball før han var fylt tjuefem år, og seier at om spelarar har ein mental tilstedeværelse og ein indre drivkraft som er veldig sterk der du heile tida minner deg sjølv på at du ynskjer å bli best mogleg, er alt mogleg (Amund Skiri, aafk.no, 2018).

Som nemnt tidligare har mange born ein draum om å bli profesjonell fotballspelar, men kun ein brøkdel klarar det. Det vert ofte laga artiklar om dei som når toppen, kva gjorde dei for å nå målet sitt og kva skal til. Men det er desto fleire som ikkje når den toppen og må gå andre veiar i livet.

Egil Sande i Nettavisen laga ein artikkel om nokre av dei som var dei aller største talenta i Noreg på eit tidspunkt, ”Derfor mislykkast vi”. Der har han intervjuat nokre som ikkje nådde toppen, men var svært nære i ungdomstida. Dei fleste svara frå spelarane var at dei ikkje ofra nok og gikk ”all inn”, andre prioriteringar i livet, lite speletid og at dei visste for lite om det å være ein skikkeleg toppidrettsutøvar. (Egil Sande, Nettavisen, 2014)

Så det vil seie at det er mange faktorar som spelar inn på utviklinga og prestasjonen til ein fotballspelar gjennom oppveksten og fram til han/ho blir toppidrettsspelar. Både den indre og den ytre motivasjonen er svært viktig for læringskurva. Men kva om alle desse

faktorane blir oppfylt, blir ein då proff og lev livet som toppidrettsspelar? Mange har nok kome i den situasjonen der ein misser ein av desse faktorane og ikkje får oppfylt den draumen. Kva skal til for at ein klarar å utfylle dei faktorane igjen og å ta steget opp til å bli ein av dei beste.

3.4 Ansvar for eiga utvikling

Den viktigaste personen i utviklinga av ei idrettskarriere er utøvaren sjølv. Vegen til ei mulig toppidrettskarriere må være utøvarens eige prosjekt. Trenrarar, foreldre og leiarar skal være veiledarar og støttepersonar på vegen. Utan at utøvaren får eit sterkt eigarforhold til eiga karriere vert det vanskeleg å nå heilt til toppen av utviklingstrappa. Ved å gi ansvar for delar av treninga til unge utøvarar og stimulere til personleg engasjement, vil ein skape grunnlag for at utøvarane tek større og større ansvar for eiga utvikling og at dei sjølv gjer prioriteringane som krevjast for ein gang å lykkast som toppidrettsutøvarar. I idrettskvardagen betyr dette at ein må ha rutiner for å gi utøvarar aukande ansvar for delar av treninga og viktige element ved gjennomføring av trening og konkurransar.

Ansvarsforedeling må stå i forhold til utøvarens utviklingsnivå. Øving på å ta ansvar må betraktast som like viktig som øving på element i sjølve aktiviteten (Tore Øvrebø, Olympiatoppen.no. 2016).

Som Marije T Elferink-Gemser skriv i si forskning på kva som skal til for å nå toppen av eliten, er det ein tommelfinger-regel at ein må trenre rundt ti tusen timer i løpet av ei ti års periode for å nå dit. Denne perioden er i slutten av ungdomstiden. Men det er ikkje alltid dei som er dei beste i ungdomstida som har størst suksess seinare i karriera. Det er dirfor mange faktorar som spelar inn på dette. Utøvarens eigne faktorar er læringsvillighet, modning, fysiologiske, tekniske, taktiske og psykologiske ferdighet. Miljøets faktorar er moglegheiter oppretta av foreldra, trenrarar, talentutviklingsprogram og konkurransestrukturen. (Elferink-Gemser, M.T, 2011)

4.0 Metode

No vil eg fortelje litt om kva slags val eg har valt når det kjem til metode, og korleis prosessen frå start til resultat har vore.

4.1 Kvalitativ metode

Det finns to vegar å gå ved å når ein skal velje forskingsmetode: kvalitativ eller kvantitativ metode. Eg har valt kvalitativ forskingsmetode. Kjenneteikn på ei kvalitativ forskingsmetode er at dei kan karakteriserast som fleksible og lite formaliserte, og gir dermed rom for både improvisasjon og kreative tilpassingar (Befring, 2015, s. 109). Ved bruken av kvalitativ metode kan eg gå inn i informanten sine meningar, intensjonar, involveringar og engasjement. Og det mest essensielle ved kvalitative metodar er at eg kan gi vilkår for å nå inn i kjernen til informanten sin sjølvforståing og deira oppleving av situasjonen (Befring, 2015, s. 111-112). Kvalitativ metode benytta ord som det tyngste punkt og blir ofte lettare påverka av forskaren sjølv, dermed er den vanskelegare å kvalitetssikre. Kvantitativ metode målar forsking i tal, derfor er dette ei meir reliabel metode fordi ein kan rekne seg fram til kor sikkert resultatet er. Men ynskjer ein å kome djupare inn på ein person vil ei kvalitativ metode være meir treffande.

Eg har valt å bruke kvalitativ metode for å kome i djupta for å sjå kva slags faktorar som spelar inn på dei forskjellige fotballspelarane som har klart å teke steget til å verte toppidrettsutøvarar. Samt å intervju personar i Hødd fotball som har vore trenar og sportsleg leiar. Vidare beskriv eg korleis data har blitt innhenta og analysert, samt ei drøfting av datas kvalitet og truverd.

4.2 Kvalitativt forskningsintervju

Eg har brukt ei semistrukturert intervjuform for å skape ein relativt open samtale mellom intervjuar og intervjuobjektet, med ein intervjuguide (Vedlegg 1 og 2) som støtte. Intervjua inneheld fastsatte åpne spørsmål der det ikkje var forhåndsdefinerte svaralternativ, slik intervjuobjekta kunne få uttale seg fritt og utdjupande, for å få ein bedre flyt i intervjuet. Men samtidig var det rom for oppfølgingsspørsmål.

4.3 Utval

Utvalet vart rekruttert gjennom eige feltarbeid. Eg kontakta spelarane gjennom telefon og spurte om dei kunne tenkje seg å bli med på ein slik studie. Det vart sett opp separate møter med deltakarane der vi gjennomførte intervjuet. Under intervjuet vart det teke hensyn til stemmebruk, blikk-kontakt og kroppspråk av intervjuobjektet for å få ein fullkommen oppleving av svara. Målet var å sjå på dei ulike faktorane som intervjuobjekta meinte var viktige for si utvikling og var avgjerande for at dei signerte for ein bedre klubb.

4.4 Utvalskriterier

Eg har valt å nytte tilgjengelegheitsutval, som handlar om å få informantar som har dei kvalifikasjonane og eigenskapane som er gunstige for problemstillinga mi (Thagaard, 2013, s. 61) Utvalet er henta frå ein ansatt i Hødd fotball, Championship i England og Eliteserien i fotball i Noreg. Og består av menn i alderen 25-47 år. Utvalet er valt på bakgrunn av at dei er i eller har ei fortid i fotballklubben Hødd. Andre kriteriar var at dei må ha signert for eit Eliteserielag etter Hødd.

4.5 Kontakt med informantane

All kontakt med informantane har blitt gjort gjennom telefon. Dei har også blitt informert om å kontakte meg dersom det var spørsmål rundt intervjuua eller liknande.

4.6 Utarbeiding av intervjuguide

Intervjuguiden blei utarbeida etter å ha lest over tidlegare oppgåver for å sjå korleis dei har forma det. Etter det satte eg meg ned å laga ein som passa mi henvising. Når intervjuguiden var ferdig, gjorde eg fleire testintervju for å sjå om det var ein fin flyt i samtalene og om det var noko eg måtte gjere endringar på.

4.7 Gjennomføring av intervju

Eg inviterte informantane først over telefon, der eg spurte om kvar dei kunne tenke seg å bli intervjuia. Eg kjenner til intervjuobjekta, så det var enkelt å begynne med ein ”laus” prat i nokre minutt før intervjuet starta. Intervjuet foregjekk på eit lukka rom med kun intervjuar og informant tilstede, dette for å skåne deltakaren og å få dei til å snakke friast mogleg. På førehånd skreiv informantane under på ei kontrakt som sikra dei rettigheter i forhald til studien. Kategoriane i intervjuguiden har ein deduktiv inngang. Eg har semi-strukturerte intervju slik at forskaren og respondenten kan gå inn i andre tema som dukkar opp. Eg gjorde mitt beste for at dei skulle føle seg trygge og bekvemme ved å være ein medmenneskeleg samtaleperson. Eg noterte undervegs, men eg passa på å ikkje skrive heile intervjuet, for å få ein fin flyt i intervjuet og at informanten ikkje skulle føle at han blei avhøyrt. Intervjuet vart målt til å vare 20-30 minutt.

4.8 Transkribering

Transkriberinga vart gjort rett etter kvart intervjuet for at det skulle bli mest mogleg autentisk. Ved å gjere det på denne måten ha eg intervua, væremåten til informantane under intervjuet og måten ting blei sagt på friskt i minnet.

4.9 Tematisk induktiv analyse

Analysen av intervjuet startar eigentleg allereie når intervjuet er i gang. Eg las eg gjennom alle intervjuet etter transkriberinga fleire gongar for å identifisere kva intervupersonane sa om det aktuelle temaet. Vidare trakk eg ut dei viktigaste faktorane eg var ute etter og satt dei opp mot kvarandre frå dei forskjellige intervjuene, for å finne likskapar og forskjellar. Å kategorisere vil syntetisere innhaldet, der målet er å ende opp med eit overblikk over materialet i form av samanhengar, likskapar og forskjellar (Brinkmann & Tangaard, 2012).

4.10 Truverd

Validitet omhandlar gyldighet, medan reliabilitet omhandlar pålitelegheit. Den interne validiteten viser i kva grad datamaterialet svarar til forskaren sine intensjonar med undersøkinga, medan den eksterne validiteten viser i kva grad undersøkinga kan overførast til andre samanhengar og utval (Leseth & Tellmann, 2014)

I denne studien har datamaterialet, intervjuobjekta sine svar, svara godt til foventningane (intern validitet) I kva grad undersøkinga kan overførast til andre samanhengar eller utval kan være aktuelt då hensikta er å kartleggje kva personlege eigenskapar som er viktige faktorar for spelarar som har teke steget vidare frå Hødd til å verte profesjonelle fotballspelarar. Noko som kan være aktuelt andre stadar innan fotballen i og med at det er ein av dei aller største idrettane i verda.

4.11 Etikk

Det er fire krav som må innfriast med tanke på det etiske aspektet mellom forskar og dei undersøkte. Desse er; informert samtykke, krav til privatliv, krav til korrekt presentasjon og godkjenning hos Norsk Senter For Forskingsdata (NSD). Informert samtykke omhandlar i kva grad intervjuobjekta frivillig deltek, samt informasjon dei får om korleis intervjuet vil bli brukt. Krav til privatliv omhandlar moglegheita for å identifisere enkeltpersonar, medan korrekt presentasjon handlar om korleis intervjuobjekta blir korrekt attgjeve (Jacobsen, 2015). NSD vurderar om forskingsprosjektet som skal behandle personopplysningar innfir krava i personvernlova.

Alle dei aktuelle informantane stilte opp frivilleg til intervju, samt at dei i forkant fekk vite hensikta med intervjeta, og kva informasjonen dei gav skulle verte brukt til. Intervjuobjekta (fotballspelarane) vart halde anonyme for å få best mogleg svar. Alle intervja vart sendt tilbake til objekta for godkjenning.

5.0 Resultat

Hensikta med dette kapitlet er å få fram og diskutere studiens resultat. Resultatet er basert på intervjuobjekta sine sitat, der sportssjefen i Hødd og dei tidlegare fotballspelarane i Hødd, vil leggje grunnlaget. Vidare vil resultata bli diskutert og kopla opp mot teorien.

Kapitlet er delt opp slik at funna som er identifiserte skal kome tydeleg fram. Dette vil eg leggje fram som, *korleis Hødd legg til rette for fotballspelarane og kva personlege faktorar synast å vere viktige for at fotballspelarar i Hødd har teke steget til Eliteserien.* Hødd har sidan 2010 vidareutvikla femten spelarar som har gått viare til eit Eliteserielag eller høgare, det vil seie at dei har gjort noko rett i utviklingsarbeidet. No skal vi sjå nærare på resultata frå intervjuobjekta både representert frå klubb og tidlegare spelarar og sjå om der er ein felles forståing om kva som må til.

5.1 Korleis legg Hødd til rette for fotballspelarane

No skal vi sjå nermare på korleis Hødd legg til rette for sine fotballspelarar, for at dei skal bli best mogleg.

Gjennom Hødd sin visjon og verdiar står det at hardt arbeid og sterk tru er det meste mogleg, i tillegg til å ta vare på alle og at fellesskapet gjev dei styrke.

5.1.1 Fasilitetar og tilrettelegging

Sportssjef:

"Vi har eit flott anlegg som er heilt i toppen i fotball Noreg. Vi har to kunstgrasbaner, ein innandørs 7ar kunstgrashall og ei grasbane. Vi har ein forhaldsvis ny stadion som sto ferdig i 2015. Faktumet er at når her kjem nye spelarar så kjem dei til eit fotballanlegg der alt ligg til rette for å bli god."

På spørsmålet om kva klubben gjer for å legge til rette for spelarane, seier sportssjefen at klubben har mange flotte fasilitetar og treningsbaner som gjer at når spelarane kjem, så kjem dei til eit fotballanlegg der alt ligg til rette for å bli god.

Spelar 1:

"Ein annan ting som var unikt var treningsfasilitetane, dei var veldig gode. Med innehall og fleire gode baner"

Spelar 2:

"Klubben la godt til rette med flotte treningsfasilitetar, treningsleirar, dyktige trenrarar og eit godt miljø"

Spelar 3:

"Hødd la til rette 100 prosent for at eg skulle bli så god som mogleg. Alt frå trenarar, administrasjon og fasiliteter"

Spelar 1 seier at treningsfasilitetane til klubben var unike og veldig gode. Dei har fleire gode baner, både naturgras, kunstgras og ein innehall med kunstgras som står klar til å kunne nyttast i alle døgnets tider. Spelar 2 seier at klubben la godt til rette med flotte treningsfasilitetar, treningsleirar, dyktige trenarar og eit godt miljø. Mykje frivilleg arbeid og overtid frå dei ansatte la eit enormt godt grunnlag for dei som spelarar til å utvikle seg. Spelar 3 seier at Hødd la til rette 100 prosent for at han skulle bli så god som mogleg. Alt frå trenarar, administrasjon og fasilitetar.

Sportssjef:

"Dei aller fleste i Ulsteinvik har ein god relasjon til Hødd. Så når vi får nye spelarar til klubben og dei treng ein plass og bu, får vi god bruk av nettverket i Ulsteinvik. Det er alltid nokon som har ein hybel eller ei leilighet som står klar til bruk. Det same er det på jobbfronten. Vi har ein vidaregåande skule rett ved Høddvoll. Så om nokon ynskjer å fylle dagane med noko ekstra, er både vi og skulen behjelpelege med å legge til rette for at dei skal kunne jobbe ved sida av fotballen."

Når nye spelarar kjem til klubben er klubben flinke til å hjelpe dei med å skaffe seg ein plass å bu. Og om nokon treng noko meir å fylle dagen med bortsett frå å spele fotball og å studere, hjelp både klubben og den vidaregåande skulen med å legge til rette for å jobbe litt ved den vidaregåande skulen.

Spelar 1:

"Men det var jo eit fantastisk opplegg med at man kunne studere på den vidaregåande skulen som ligg vegg til vegg med Høddvoll. Eg synes samarbeidet med skulen og Hødd var veldig godt. Ofte var det klubben som stod for treningane på skulen. Der eg gjekk på idrettslinja samstundes som eg spelte på Hødd. Eg hadde også junior trenaren min som klasseforstandar, det var veldig positivt. Eg følte eg blei passa på og styrt på intensitet."

Spelar 2:

"Hødd var ein liten klubb, men dreiv stort. Mykje frivilleg arbeid, overtid frå ansatte la eit enorm godt grunnlag for oss spelarar og utvikle oss i og noko vi er veldig takknemeleg for den dag i dag."

Spelar 3:

Fra dag éin eg kom til Hødd følte eg på ein enorm støtte og vilje til å hjelpe kvar og éin til å bli endå betre. Eg kjem ikkje på noko som helst som klubben kunne gjort annleis for meg for at eg skulle bli endå betre. Som spelar i Hødd ligg alt til rette."

Sportssjef:

"Det er ganske viktig å være klar over når ein driv med fotballspelarar, at ein jobbar med mennesker som kjem til ein ny plass der alt endra seg i forhold til omgivelsane. Det er ikkje gitt at alle skal fungere etter dag ein i en ny klubb. Vi prøvar å ta vare på heilheita til ein person og forstå situasjonen til kvar enkelt spelar. Eg brukar å sjå på spelarane om det er noko som uroar dei eller at dei ikkje presterar slik dei sjølve og klubben håpar. Då inveterar eg dei til kontoret mitt for ein kaffe, slik vi får teke oss prat. Om spelaren har flytta for fyrste gong heimafrå, prøvar eg å fortelje dei at plutsleg har alt i livet deira forandra seg. Dei bur ikkje på gutterommet lengre, ikkje foreldra dine, alle kameratane dine som du hadde heime er ikkje i nærleiken lengre. Alt det trygge er på ein måte vekke på nokre dagar. I starten er alt spanande og ein er nysjerrig på å oppleve mykje. Men etter kvart kjem kvardagen og alt er ikkje like spanande. Det handlar ikkje at ein ikkje trivest, men at vi skal være obs på at desse menneska skal fungere mens dei er vekke frå det som har vore viktig for dei i mange år. Det er det vi ønskjer å ta vare på heilheita til spelarane og å forstå situasjonen deira og å legge best mulig til rette for at dei skal føle seg trygge slik dei presterar best mogleg. Men det er sjølv sagt forskjel på ein 19 åring og ein 29 åring."

Han legg også til at ein jobbar med mennesker når det gjeld fotball. Det er ikkje gitt at ein skal fungere etter dag ein i ny klubb, difor brukar klubben mykje tid på å ta vare på heilheita til ein person og å forstå situasjonen til kvar enkelt spelar. Han nevner også i intervjuet at når han ser ein spelar som ikkje fungerar som ein sjølv og klubben håpar på på fotballbana, så brukar han å invitere den spelaren på ein kaffe og ein liten prat, der dei får snakke ut om det er noko som uroar dei eller om dei har noko på hjartet. Dette for å få lette litt på trykket og å ha ein trygg samtalepartnar der ein kan åpne seg.

5.1.2 Personlege eigenskapar fotballspelarane og sportssjefen meiner var viktige for at dei tok steget vidare

No skal vi sjå nærmare på kva personlege faktorar synast å vere viktige for at fotballspelarar i Hødd har teke steget til Eliteserien.

Sportssjef:

Dei har hatt god innstilling til å ville lykkast og verkeleg hatt eit brennande ønske om å både trenre mykje og å berike det miljøet vi har frå før av. Det som eg har høyrt frå mange av dei som kjem utanfrå, er at dei har fått ein liten "wake up call" på grunn av at dei som er her frå før, har villa trena både tidleg og seint og knallhardt. Og at då måtte dei berre kaste seg inn i det og bli med på det harde køyret og jobbe på. Vi har eit veldig bra treningsmiljø i Hødd og det trur eg at dei som har kome til klubben har sett og at dei då berre har lyst til bli med på leiken for å bli gode. Samtidig er det mange av dei som har hatt ein spisskompetanse i seg, som for eksempel ein god skotfot. Det kjem ikkje av seg sjølv. Det er mange som vi har nesten vore nøydde til å fortelle dei til å gå av bana fordi dei har terpa og terpa.

Sportssjefen fortel at spelarane som kjem til Hødd har hatt ei god innstilling til å ville lykkast og verkeleg hatt eit brennande ynskje om å både trenre mykje og å berike det miljøet som allereie er der. Han har høyrt frå mange av dei som har kome utanfrå, at dei har fått ein liten "wake up call" på grunn av den harde treningsinnstillinga til dei som allereie er i klubben. Og at dei då berre måtte kaste seg inn i det og bli med på det harde køyret og jobbe på. Samtidig er det at mange av dei har hatt ein spisskompetanse i seg, som for eksempel ein god skotfot og det kjem ikkje av seg sjølv.

Sportssjef:

Det er ein grunn til at mange har ferdighetene til det. Dei har tross alt trent mykje fotball. Ein faktor er også at dei har ein ufatteleg stor lidenskap til fotball. Dei er uredde typa, dei elskar utfordringar og veks på utfordringane. Det er ikkje så lett å sjå dei ferdighetene, men det er noko som kjenneteiknar dei som klarar å ta steget.

Han seier vidare at éin faktor også er at dei har ein ufatteleg stor lidenskap til fotball. Og at dei er uredde typar som elskar utfordringar og at dei veks på utfordringane. Han meinar at det ikkje er så lett å sjå dei ferdigheitene, men at det er noko som kjenneteiknar dei som klarar å ta steget.

På spørsmålet om dei hadde eit håp om å ta steget vidare til ein større klubb på eit seinare tidspunkt, svarte dei følgande;

Spelar 1:

"Sjølvsagt, målet frå eg var heilt liten har vore å verte "proff", eller å kunne leve av fotballen. Det er det eg har jobba for heile tida, og det har vore motivasjonen min heile vegen."

Spelar 2:

"Draumen var heile vegen å kome meg vidare frå Hødd. Sidan eg var gutunge har eg alltid drøynt om å bli fotballproff og det var målet heile vegen.

Spelar 3:

"Målet mitt var alltid å prøve å komme meg vidare og til ein større og bedre klubb."

Alle spelarane hadde som mål og draum om å ta steget vidare til ein større klubb enn Hødd heilt frå dei var små.

Spelar 1:

"Eg trur det som har gjort at eg heile tida har klart å ta nye steg er den indre driven eller sulten eg har for å utvikle meg. Eg trur sjølv eg har ein ganske unik motivasjon for å trenere og for fotball generelt. Eg har ofte følt meg meir motivert enn mine lagkameratar og det gjer eg eigentleg enda! Den har gjort at eg har hatt ei ganske enorm vilje til å vinne kamper og å vinne på trening. Det trur eg på mange måtar har bært meg framover. Eg trur mange føler at dei ofrar mykje når dei spelar fotball på høgt nivå. Men den tanken har eg aldri hatt! Eg føler meg verkeleg berre heldig som får lov til å drive på med det eg elskar. Eg vil sei at eg har eit ganske romantisk forhold til fotball. Det er sjølvsagt enkeltilfeller eg kanskje skulle ønske eg kunne vere med på enkelte ting. Men det er små

ting, veldig små ting. Eg hadde gjort alt igjen, fotballen har gitt meg nokre opplevingar som er heilt enorme!"

Spelar 2:

"Ein av dei viktigaste faktorane var at eg fekk spele fast fyrstelagsfotball frå ung alder, i mine auge litt for seint, men likevell tidlig i forhold til andre på min alder. Det gjorde at eg raskt fekk kjenne på seniorfotball og eg fekk ei bratt læringskurve og tidleg samla god erfaring. Ellers er det sjølvsagt viktig å nevne at eg hadde fleire dyktige trenarar heile vegen. Det å leve som ein toppidrettsutøvar gjer at ein må ofre festar, sosiale happeningar seint på kveldane eller til dømes fastfood og liknande. Spørsmålet ein må stille seg sjølv er om kva ein ønskjer mest, og den indre motivasjonen gjorde valet enkelt for meg. For å nå heilt til toppen må ein ha indre motivasjon, du må ville det aller mest. Ytre påverknadar frå foreldre og familie som vil at du skal lukkast er sjølvsagt viktig og kjekt, men om ein manglar den indre gløden til å verkeleg bli best vil ein ikkje nå heilt opp. Det er viktig for å legge ned dei ekstra timane med trening og ha fokus på detaljar."

Spelar 3:

"Eg vil ikkje seie at eg har ofra noko, men eg føler eg har tatt veldig mange valg i livet for å bli betre i fotball. Som for eksempel å flytte heimefrå då eg var 16 år og skulle begynne på fotballgymnas. Den indre motivasjonen har vore veldig sterk, eg har heile tida følt på eit press frå meg sjølv for å lykkast og bli så god som mogleg. Støtta heimafrå var heilt fantastisk. I opp og nedturar var dei veldig støttande. I tillegg kom dei på besøk eit par gongar i året for å sjå korleis eg hadde det."

Alle dei tre spelarane nevner at den indre motivasjonen eller den indre driven er ein stor faktor for dei og noko som har drege dei i den retninga til at dei kan bli gode fotballspelarar. Spelar 1 seier at han alltid har følt seg meir motivert enn sine medspelararar og den har gjort slik at han har hatt ei enorm vilje til å vinne både i trening og kamp. Spelar 2 seier at ein må stille seg sjølv spørsmålet om kva ein ønskjer mest, og den indre motivasjonen gjorde valet enkelt for han. Spelar 3 seier at den indre motivasjonen har vore veldig sterk, og han har heile tida følt på eit press frå seg sjølv for å lykkast og å bli så god som mogleg.

6.0 Diskusjon

I fyrste del i dette kapittelet skal eg diskutere valg av metode. I andre del vil eg diskutere funna i intervjeta opp mot tidlegare forsking og artiklar

6.1 Vurdering av metode

Denne studien hadde som formål å undersøke kva personlege faktorar synast å vere viktige for at fotballspelarar i Hødd har teke steget til Eliteserien og korleis fotballklubben Hødd gjorde for å legge til rette for sine spelarar. For å tilegne meg kunnskap og informasjon valte eg å bruke ei kvalitativ metode med å bruke ei semistrukturerte individuelle intervju for å skaffe informasjon. Bakgrunnen for dette var å kome djupare inn i tankesettet til dei forskjellige spelarane å sjå på kva dei meinan var viktige for at dei klarte å ta steget. Eg meinan at denne metoda har fungert etter hensikta

Før intervjurundene gjorde eg fleire prøveintervju med medstudentar for å teste ut undersøkelsen. Dette var vanskeleg på grunn av desse objekta ikkje har den same bakgrunnen som dei fotballspelarane eg skulle intervju. Det var derfor vanskeleg å stille oppfylgingsspørsmål og å halde praten flytande om det temaet som eg har valt. Under intervjeta brukte eg ein intervjuguide med fastsatte åpne spørsmål, der intervjuobjekta kunne svare fritt, og eg fekk ein fin flyt i samtalen.

Eg kjenner intervjuobjekta frå før, så dette kan være med på å påverke resultatet.

Eg har berre brukt tre forskjellige fotballspelarar som intervjuobjekt, for å optimalisere dette burde eg ha brukt betrakteleg fleire deltakrar for å generalisere studien i større grad. I forkant av studien hadde eg nokre tankar om korleis resultatet ville bli, så dette kan også ha vore med på påverke resultata eg fekk. Dette er noko som er vanskeleg å unnga i ein så liten studie.

Primærkjelda har vore intervjeta eg har foretatt. Kjelder som er benytta i denne oppgava er valgt for å kunne beskrive teori og diskutere valgt problemstilling. Det var lite tilgjengeleg på forsking på temaet som oppgåva omhandlar og eg kunne difor ikkje stille meg veldig kritisk til fagartiklar. Dette er noko som er uvant for meg så det kan være at eg ikkje har fått med meg alle studiar tilegna min studie.

6.2 Vurdering av resultat

Fotball har stor betydning for samtlige av informantane i studien. Det er noko dei har brukt store delar av livet sitt heilt sidan dei var born. Draumen og målet har alltid vore med samtlige av fotballspelarane den same; å kome seg vidare til ein endå større klubb.

Samtidig den indre driven/motivasjonen var så ufattelig sterk at dei aldri ville gi opp draumen. Dette var noko også Sportssjefen la merke til blant desse fotballspelarane. Som Ryan & Deci, 2000. skriv i si forsking, seier dei at folk kan motiverast fordi dei verdsett ein aktivitet. Dei kan oppføre seg frå ein følelse av personleg forpliktelse til å utmerke seg. Den indre motivasjonen, den ibuande tendensen til å oppdage nye ting og utfordringar, å utvide og utøve si evne til å utforske og lære.

Amund Skiri med si erfaring seier det same i ein artikkel; ein må ha ein mental tilstedeværelse og ei indre drivkraft som er verdig sterk, der du minner deg på at du ynskjer å bli best mogleg.

Den indre motivasjonen går som hånd i hanske mellom det intervjuobjekta, sportssjefen og teorien seier.

Samtlege av fotballspelarane meinat at dei ikkje har måtte ofre noko for å oppnå det dei har gjort. Tvert i mot at det ønskje om å kome dit dei er i dag har bana vei for dei. Dei har prioritert kvardagen sin slik at dei har teke ansvar for eiga utvikling både i det sportslege og utanomsportslege. Tore Øvrebø, Olympiatoppen. Beskriv det slik; ved å gi ansvar for delar av treninga til unge utøvarar og stimulere personleg engasjement, vil ein skape grunnlaget for at utøvaren tek større og større ansvar for eiga utvikling og at dei sjølv gjer prioriteringane som krevjast for ein gang å lykkast som toppidrettsutøvar. På dette punktet; ansvar for eiga utvikling, går det same igjen både hos intervjuobjekta og Olympiatoppen.

Spelar 1 seier at det var eit fantastisk opplegg med at ein kunne studere på den vidaregåande skulen som ligg nesten vegg i vegg med Høddvoll. Han syntest at samarbeidet med skulen også var veldig godt.

Hallgeir Gammelsæter skriv i sin blogg at tankegangen i England er at om du tenkjer på å ta skulen seriøst, så har du kapitulert i draumen om å bli fotballproff. Men her er eit teikn på at den tankegangen kanskje er vel overdriven og at ein balanse mellom skulen og fotballen kanskje ikkje er så gale alikavell.

7.0 Konklusjon

Med utgangspunkt i problemstillinga ” Korleis legg fotballklubben Hødd til rette for sine fotballspelarar? Kva personlege faktorar synast å vere viktige for at fotballspelarar i Hødd har teke steget til Eliteserien? ” Kan eg konkludere dette:

Dei som har blitt intervjuha har dei same viktige faktorane som dei meiner spelar godt inn på kvifor dei har tatt steget til Eliteserien.

Både sportssjefen og spelarane er samde om at klubben legg godt til rette med fasilitetane for det sportslege arbeidet. Ein får trenre godt under gode forhold for å bli best mogleg.

Klubben tek også godt vare på samtlege spelarar slik at dei føler seg godt ivaretatt og slik at dei kan konsentrere seg om det å bli best mogleg i fotball.

Dei sterkeste personlege faktorene er at alle har hatt ein ekstremt sterkt indre drive og motivasjon og lysta til å trenre mykje for å skulle lykkast og å oppfylle draumen sin. Der kan også sportssjefen sjå likhet med dei som har teke steget. At dei søker nye utfordringar og veks på dei, det er noko som ein ser igjen i dei spelarane. Dei meinat at dei ikkje har ofra noko for å kome seg til dit dei er i dag, men heller sett på det som ei moglegheit til å nettopp kome dit. Det er noko som eg nevnte tidlegare om den indre motivasjonen som nettopp gjer at dei vil oppnå draumen. Støtta frå familien har også vore ein viktig faktor. Samt at dei tek ansvar for eiga utvikling.

Mykje tydar på at teorien og dei intervjuha eg har gjennomført med dei forskjellige personane går ganske bra hand i hand. Så med ei brennande indre drivkraft, vilje til å ville lykkast og fotballklubben Hødd i lag, så kan ein oppnå draumen sin.

Eg har lært mykje om Hødd Fotball og fotballspelarar som har teke steget å blitt proffar gjennom prosessen i denne studien. Det var ønskeleg å tilegne meg meir informasjon om fotballspelarar og fotballklubb i og med at vi har fortsatt mykje å lære for å bli betre og korleis ein skal få fram framtidige fotballspelarar til eliten.

8.0 Referanse

- Befring, E. (2016). (2.utgåve) *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm.
- Brinkmann, S. & Tanggaard, L. (2012). *Kvalitative metoder – Empiri og teoriutvikling*. 1. utgåve. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Elferink-Gemser, M.T. et al - *The marvels of elite sports: how to get there?*, 2011.
<https://bjsm.bmjjournals.com/content/45/9/683>
- Egil Sande, Nettavisen.no (21.08.14) De var Norges største fotballtalenter: - Derfor mislyktes vi
<https://www nettavisen.no/sport/fotball/de-var-norges-storste-fotballtalenter---derfor-mislyktes-vi/8454112.html>
- Gammelsæter, H. (15.05.19) Panorama.himolde.no.
<https://panorama.himolde.no/2019/05/15/paradise-lost/>
- Hødd's visjon og verdigrunnlag. Hødd.no
<http://www.hodd.no/ilhoddfotball/visjon-og-verdigrunnlag>
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 3. utgåve. Kristiansand: Cappelen Damm.
- Kaufmann & Kaufmann (2009). *Psykologi i organisasjon og ledelse*. 5. Utgave. Bergen: Fagbokforlaget
- Leseth, A. B. & Tellmann, S. M. (2014). *Hvordan lese kvalitativ forskning?* Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Olympiatoppen.no
https://www.olympiatoppen.no/fagstoff/talentutvikling/artikler/utvikling_av_unge_utovere/utviklingsfilosofi/page9331.html
- Ryan, R.M & Deci, E.L (2000) – Self-determination Theory and the Facilitation of Intrinsic Motivation, Social Development, and Well-Being
https://selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000_RyanDeci_SDT.pdf
- Skiri, A. (10.09.18) Aafk.no - Må ha en indre drivkraft.
<http://www.aafk.no/nyheter/ma-ha-en-indre-drivkraft>
- Thaagard, T (2013) *Systemantikk og innlevelse – en innføring i kvalitativ metode* (4.utg) Bergen: Fagbokforlaget

- Øvrebø, T. (13.01.16) – Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komite
https://www.olympiatoppen.no/fagomraader/utdanning_og_karriere/toppidrettogstudiernaar_du_har_soekt/media47365.media

9.0 Vedlegg

9.1 Intervjuguide

VEDLEGG 1

Formålet med intervjuet er å tydeleggjere faktorar som er sentrale i utviklinga av fotballspelarar i fotballklubben Hødd. Intervjuet vil ta ca 20 minutt.

Intervjuguide:

1. Kva er Hødd sine verdiar?
2. Mange spelarar som har vore i Hødd har klart å teke steget vidare oppover i divisjonssystemet. Korleis jobbar klubben for å legge til rette og å være eit springbrett til dei som er villige til å legge ned arbeidet som trengst for å nå sine mål?
 - a. Har klubben nokre strategiske retningslinjer dei fylgjer for å utvikle fotballspelarar?
3. Kor mange spelarar er det som har teke steget dei siste 10 åra?
4. Korleis er rekrutteringa på spelarar og trenarar?
5. Kva faktorar er det viktig å merke seg ved spelarane som har gått til en eliteserieklubb?
 - a. Korleis er måten dei er som personar og måten i treningsarbeidet?
6. Kva kunne klubben gjort annleis for at fleire spelarar tek steget vidare?

Tusen takk for intervjuet!

Om noko skulle være uklart eller at det dukkar opp fleire spørsmål, er det greitt at eg kontaktar deg igjen?

Ønskjer du å få svara dine i ettertid, eller bli orientert om oppgåva

VEDLEGG 2

Hødd som springbrett

Formålet med intervjuet er å få ei betre forståing for kva slags faktorar som spelar inn på fotballspelarar i Hødd, som klarar å ta steget vidare. Intervjuet vil vare ca 20 minutt.

Intervjuguide:

1. Du kom frå ein mindre klubb i slutten av ungdomstida, hadde du eit håp om å ta steget vidare til ein større klubb på eit seinare tidspunkt?
2. Laga du deg spesifikke målsettingar for å nå måla dine?
3. Kva meiner du var viktige faktorar for deg som spelte inn på at du skulle ta/tok steget vidare?
 - a. Måtte du ofre noko?
 - b. Indre/ytre motivasjon?
4. Korleis var støtta heimafrå i den perioda du var i Hødd?
 - a. Frå familien, vennekretsen, lagkameratane?
5. Kva meiner du var viktige faktorar som klubben bidrog med for at du skulle oppnå måla dine?
 - a. La klubben til rette for at du skulle bli så god som råd?
 - b. Med tanke på fasilitetar, tilbakemelding, dyktige trenrarar, hjelpsame om noko skulle skje?
6. Kunne klubben gjort noko annleis for deg som spelar for å prestere betre?
 - a. Kva kunne dei ha gjort?

Tusen takk for intervjuet!

Om noko skulle være uklart eller at det dukkar opp fleire spørsmål, er det greitt at eg kontaktar deg igjen?

Ønskjer du å få svara dine i ettertid, eller bli orientert om oppgåva?

9.2 Samtykkeskjema

VEDLEGG 3

Samtykke til deltaking i studie

Eg bekrefta herved at eg er informert om bacheloroppgåva. Eg er informert om hensikta med datainnsamling. Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle opplysningars om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg

Eg er også informert om at gjeldande data er anonymisert og vil bli sletta etter gjeldande reglar når oppgåva er sensurert

Eg samtykkjer herved i at mine opplysningar kan brukast i studentens bacheloroppgåve.

Dersom denne oppgåva vurderast til å kunne være eit eksempel på ein besvarelse, godtek eg i at oppgåva kan leggast ut på internett, til nytte for andre studentar som skal skrive bacheloroppgåve. (Dette forutsett at studenten sjølv godkjenn i at oppgåva kan nyttast til dette formålet, og at alle opplysningar som kan identifisere intervjuobjektet er fjerna)



Eg samtykkjer i at oppgåva kan leggast ut på internett med dei forbehalda som er nevnt over. (Dersom rubrikken ikkje er kryssa av, vil ikkje oppgåva leggast ut på internett)

(Signatur av deltakar, dato)

(Signatur av prosjektansvarlig)